

Styrka produksjonen av frukt og bær til industriell bearbeiding

Rapport med situasjonsbeskrivelse og forslag til aktuelle tiltak i nasjonale ordningar,
administrative tilpassingar i verdikjeda og behov for produktutvikling.

Stein Harald Hjeltnes

Hjeltnes prosjektservice AS

Februar 2026

Samandrag

Denne rapporten omhandlar rammevilkår og andre viktige element knytt til produksjon og omsetning av industrielle råvarer av frukt og bær. Det er særleg produksjon av eple og bær til industriell bearbeiding som er vektlagt, då dette er viktige produkt både for primærprodusentar, pakkeri og industri. Situasjonen for pære, plomme og moreller er annleis, då det ikkje er utvikla industriell produksjon av desse fruktartene, og det er her ein lengre veg å gå innan produktinnovasjon før det kan bli større mengder bearbeidde produkt frå desse råvarene. I desse fruktartene må det vera mest fokus på å auka prosenten av klasse 1 hjå produsentane.

I eple er det minstekvantsordninga som er sentral for å sikra økonomien i produksjonen. I overkant av 50 prosent av epla går til press, og dei siste 25 åra har det utvikla seg ein stor produksjon av juice og sider som bearbeidar mykje av desse råvarene. Minstekvantsordninga skal sikra industrien rimeleg import av konsentrat og juice, samstundes som den skal sikra avsetnad av norsk konsentrat utan å vera ein avsetnadsgaranti. Det er peika på fleire problemstillingar i denne ordninga. Industrien sitt mottak av presseple og juice vert rekna med i minstekvantsmet som industribedriftene skal oppfylla for å få nedsett toll, men det tel ikkje med i grunnlaget for utrekning av minstekvantsmet. Det medfører at konsentratprodusentane vert sitjande att med betydelege lager. Konsentratprodusentane er private bedrifter, men av historiske grunnar forventar mange produsentar og pakkeri at dei tek imot presseple som ikkje finn avsetningskanalar som kan betala høgare pris. Dette gir ein uholdbar situasjon for konsentratprodusentane, som ikkje veit kor mykje presseple dei får kvart år, og heller ikkje veit om dei får selt det dei produserer. Rapporten skisserer forslag til løysingar, som omhandlar m.a. tollvernet og forbetring av minstekvantsordninga.

Bringingbær og jordbær til industri har no kritisk låg produksjon. Forskrifter gir industrien tollfritak for eit gitt volum under føresetnad av at bedrifta har kjøpt norsk råvare. Når det nesten ikkje er norsk vare å oppdriva, og tildelte importkvotar basert på avtak av norske bær kan omsetjast mellom bedriftene, blir dette verdipapir i staden for å vera importkvote som bedrifta treng. Bedrifter som fokuserer på norske bær under marknadsføring av eit produkt kan ta store mengder råvarer, slik at det blir lite att å fordela på andre bedrifter. Denne skeivheita er føreslått retta, men produksjonen av jordbær og bringingbær til industri må opp snarast råd om det skal vera grunnlag for å behalda dette tollvernet. Det er føreslått fleire tiltak som kan stimulera til dette.

Rapporten peikar på kor viktig det er at pakkeria og GPS fruktlagerinspektøren tek med industriproduksjonen i sine tal for sesongen, og at kvart mottak gjer avtalar med industriaktørane som dei leverer til før kvar sesong både på pris, kvantum og kvalitet. Dette er særleg viktig i høve til konsentratproduksjonen for å sikra dette avtaket, då det er svært viktig i høve matsvinn.

Innan bærproduksjonen er det behov for at mottaka for industribær samarbeider og etablerer ein ny organisasjon som ikkje har tilknytning til ein bestemt produsentorganisasjon, og at denne organisasjonen forhandlar med industrien og tek ansvar for fordeling av råvarer. Dette blir litt etter malen for slik «Forhandlingsutvalet for raude bær» fungerte tidlegare, men sekretariatfunksjonen må ordnast utanom Gartnerhallen.

Innhold

Styrka produksjonen av frukt og bær til industriell bearbeiding	1
Rapport med situasjonsbeskrivelse og forslag til aktuelle tiltak i nasjonale ordninger, administrative tilpassingar i verdikjeda og behov for produktutvikling.	1
Samandrag	2
Bakgrunn	4
Lover og forskrifter	5
FAT (FOR-2005-12-22-1723)	5
Praktisering av FAT	5
Forskrift om minstekvantum av epleråstoff (FOR-2021-12-01-3359).....	6
Praktisering	7
Forskrift om fordeling av tollkvoter for landbruksvarer (FOR-2024-10-04-2392).....	7
Praktisering	7
Tollfri import av innsatsvarer som konkurrerer med norsk	8
Omsetningstiltak	8
Avtalar mellom aktørar	9
Konkurransesituasjonen	12
Eple	12
Vareflyt.....	13
Aktørbiletet.....	14
Industrien sin import av epleråstoff	16
Konklusjonar	17
Pære	17
Plomme	18
Moreller	19
Bringebær	19
Vareflyt.....	20
Aktørbiletet.....	21
Industrien sitt forbruk av bringebær til prosessering	22
Konklusjonar	23
Jordbær	23
Industrien sitt forbruk av jordbær.....	24
Konklusjonar	24
Eigarskap til varene	25
Organisering	25
Oppsummering og forslag til tiltak	26

Litteratur	28
Takk til	28
Vedlegg	29

Bakgrunn

Denne rapporten er skrevet på oppdrag for Innvik fruktlager SA, som representant for ei gruppe oppnemnd av Programstyret for frukt og grønt i Vestland. Rapporten er finansiert av Vestland fylkeskommune i tillegg til at næringsaktører har ytt egeninnsats i form av eige arbeid.

I eit utvida møte i Programstyret i januar 2025 vart det sett fokus på industriproduksjon av frukt og bær, der representantar frå Lerum, Tine, Balholm og Frukthagen Hardanger hadde innleiing om sine utfordringar som grunnlag for diskusjon. I løpet av møtet kom det opp forslag om å etablere eit prosjekt som skulle klarleggja ulike offentlege ordningar knytt til industriproduksjon og kva som bør gjerast med tanke på å få auka verdien av frukt og bær til industrien i fylket gjennom betre samhandling med industri-aktørane.

Følgjande styringsgruppe vart sett saman:

- Innvik fruktlager, Anita Roset
- Ullensvang fruktlager, Maria Kristi Strand (Kari Opedal gjekk inn i hennar plass)
- Bondelaget, Knut Byrkjenes Hauso
- Småbrukarlaget, Thomas Harris
- Ivar Igland Bleie, Frukthagen Hardanger

Søknaden vart utarbeidd av Anita Roset i samarbeid med Stein Harald Hjeltnes, og styringsgruppa leigde inn sistnemnde til å utarbeida rapporten gjennom Hjeltnes prosjektservice AS.

Leikanger 06.02.2026

Lover og forskrifter

Dei viktigaste forskriftene som har innverknad for industriell produksjon av norske råvarer av frukt og bær, er:

- FAT – forskrift om administrative nedsettelser av tollavgiftssaster for landbruksvarer (FOR-2005-12-22-1723)
- Forskrift om minstekvantum av epleråstoff (FOR-2021-12-01-3359)
- Forskrift om fordeling av tollkvoter for landbruksvarer (FOR-2024-10-04-2392)

Forskriftene vert endra av Landbruks- og matdepartementet, medan det er Landbruksdirektoratet som administrerer dei ordningane som er omfatta av denne rapporten. Stortinget godkjenner lover og handelsavtalar med andre land.

Tolltariffen har ulike varenummer som ligg til grunn for import, og den har lege fast sidan WTO-avtalen vart forhandla i 1994. Utdrag av tolltariffen er vist i vedlegg 1. Statistisk sentralbyrå publiserer statistikk kvart år som omfattar tollposisjon, land, mengd og verdi.

Det er sett tollsats for kvart varenummer i tolltariffen, men det er ulike handelsavtalar som Noreg har inngått, der det er avtalt at eit volum av eit bestemt varenummer skal ha tollfridom eller sterkt nedsett toll. For å endra tollsatsane, krevst eit omfattande politisk arbeid.

FAT (FOR-2005-12-22-1723)

«Forskrift om administrative nedsettelser av tollavgiftssaster for landbruksvarer» - forkorta FAT, sist endra 26.06.2025, gir Landbruksdirektoratet heimel til å gje «tillatelse til nedsatt toll», forkorta - TNT. Bedrifter som søker om å få slikt løyve, må kvalifisera seg etter nærare fastsette kriterier som må dokumenterast overfor Landbruksdirektoratet.

Føremålet med FAT er å leggja til rette for import av landbruksprodukt som supplement til norsk produksjon ut frå omsyn til forbrukarar og næringsmiddelindustrien. Tollvernet for landbruksvarer skal administrerast med sikte på å sikra avsetningsgrunnlaget for norsk produksjon, m.a. av omsyn til prisbestemmelsane i jordbruksavtalen og å hindra uro i marknaden som ikkje er ynskt.

For varer som er omfatta av FAT, vert det gitt generell nedsetjing av tollsatsen på visse vilkår for varer som er omfatta av målprissystemet (i frukt og bær gjeld dette berre eple til konsum). Råvarer av frukt og bær til industrien er ikkje omfatta av ei slik generell nedsetjing. Forskrifta regulerer også individuelle nedsetjingar av tollavgiftssatsar med kvantumsbegrensingar for m.a. frukt og bær, og det er desse som er viktige for norske råvarer av frukt og bær til industrien.

Dei bedriftene som kvalifiserer seg etter oppgitte kriterier, kan i høve denne forskrifta få nedsett toll ved import av eplesaft (<20 brix), eplekonsentrat (>20 brix), frosne eple og pæresaft/ -konsentrat. Bær til bearbeiding er tollfritt innafor ein bestemt kvote, som Landbruks- og matdepartementet har bestemt i forskrift m.a. utifrå handelsavtalar. Landbruksdirektoratet kan gi tilleggskvote dersom det er mindre norsk enn fastsett produksjonsmål. Dette er omtala i forskrifta i § 18, vedlegg 6.

Praktisering av FAT

I eple kvalifiserer industri-bedriftene seg gjennom å ta ut minstekvantum av norske presseple, eplesaft eller – konsentrat i perioden 1.oktober – 30.september til bearbeiding, og er gitt i eiga forskrift (FOR-2021-12-01-3359) jfr. neste avsnitt. Føretaket som søker kan då importera saft og

konsentrat av eple og pære til redusert toll (kr 4,00 pr kg) og frosne eple til kr 3,50 i toll pr kg. Denne nedsette tollen gjeld for alt som eit føretak importerer, og det er ikkje avgrensingar i kvantum så lenge føretaket har dokumentert å ha kjøpt minstekvantum av norsk. I tillegg til denne administrative nedsetjinga, er det også tollfrie kvotar for eplekonsentrat, som vert auksjonerte av Landbruksdirektoratet (jfr. avsnitt under - forskrift om fordeling av tollkvotar). Dei som deltek på auksjonen må ha kvalifisert seg gjennom å ha teke minstekvantum av norsk. Auksjonsdeltakarar ligg ope på Landbruksdirektoratet sine nettsider, men det er ikkje offentleg kva bedrifter som importerer eplekonsentrat med redusert toll. Auksjonen føregår i desember og gjeld året etter.

For bær har LMD fastsett importkvotar utifrå totalbehovet til industrien og norsk produksjon, og omfanget av import er gitt i vedlegg 6B til forskrifta. Ordninga for bær er svært ulik den som er på eple, men er lik ved at føretak som ynskjer å kjøpa kvote, må ha sikra seg norsk vare for i det heile å få kvote. Dersom dei ikkje får tak i norske bær, må føretaket importera til full toll. Det er ikkje på same måte som i eple, at konsentratprodusentane må ha tilgjengeleg minstekvantum dersom ei industribedrift treng norsk eplekonsentrat for å få TNT – her må industrien sjølv sikra seg norsk. Føretak som ynskjer å få kvote, melder frå til Landbruksdirektoratet om kor mykje norsk dei har kjøpt, og Landbruksdirektoratet fordeler importkvote i forhold til kor mykje føretaket har kjøpt av norsk. Kven som har fått kvote og kor mykje kvar er tildelt, er informasjon som ligg for inneverande år på Landbruksdirektoratet sine nettsider. Kvoteane kan handlast mellom partnarar som har fått tildelt kvote, og kjøp/sal av kvote skal meldast til Landbruksdirektoratet. Ei lita bedrift som har kjøpt noko jordbær, kan altså søkja om kvote, og deretter selja denne kvoten til andre bedrifter som treng større importkvote. Når den norske produksjonen har blitt svært liten, kan dette gje store utslag i kvote-tildelinga, og dermed bli ei betydeleg inntektskjelde for ei lita bedrift. Sameleis vil ein stor aktør som TINE, som kjøper svært mykje av dei norske bringebæra, få ein svært stor kvote av bringebær, og selja deler av denne. Prisen på kvote som vert selt mellom bedrifter er ikkje kjent. Kjøp og sal av kvote skal meldast til Landbruksdirektoratet, men er ikkje offentleg. Tollfridomen gjeld opp til avtalt volum – det som vert importert utover denne kvoten har full toll.

Dersom det fastsette målet for norsk produksjon av jordbær og/ eller bringebær ikkje vert nådd, den norske produksjonen av same bærslag har avteke, og ein viss andel av dei tildelte kvotane er brukte innan 15.mars, kan Landbruksdirektoratet innan 1.april fastsetja tilleggskvote.

Industrien sine anslåtte behov for jordbær og bringebær i gjeldande forskrift

Art	Samla forbruk, tonn	Importkvote	Herav EU plikt	Norsk produksjonsmål
Jordbær	5.000	4.690	2.200	310
Bringebær	2.700	1.890	950	810

Den norske produksjonen er ikkje spesifisert i forskrifta, men er sett med bakgrunn i høyringsbrev. KL anslår det samla behovet til industrien.

Dei viktigaste råvarene for Vestland som er omfatta av forskrifta sine vedlegg 6 og 8, er frosne jordbær og bringebær, eplesoft (<20 brix) og eplekonsentrat (>20 brix) til industriell bearbeiding.

Forskrift om minstekvantum av epleråstoff (FOR-2021-12-01-3359)

Denne forskrifta er forankra i FAT §18, og skal med det underbyggja behovet for import av epleråstoff til bearbeidingsindustrien.

Alle bedrifter som ynskjer å importera epleråstoff med nedsett toll, må rapportera inn kor mykje dei har brukt førre året. Rapporteringsåret er 1.10-30.09, og er grunnlag for å bestemma om bedrifta er lita, mellomstor eller stor. Minstekvantumet vil såleis endra seg mellom år, alt etter kor mykje epleråstoff som er tilgjengeleg i denne ordninga.

Alle bedrifter som vil importera med TNT, må melda inn til Landbruksdirektoratet at dei har kjøpt norske eple/ -konsentrat som oppfyller minstekvantum. Minstekvantum må vera innkjøpt i perioden 1.10.2025-30.09.2026 for å få TNT for året 2026.

Praktisering

Bedrifter som er involverte i minstekvantumsordninga, er dei som importerer epleråstoff til industriell bearbeiding, og dei som sel eplekonsentrat til industribedriftene som importerer. Det kvantumet som kan seljast til industrien vert nytta som grunnlag for berekning av minstekvantum. Landbruksdirektoratet kalkulerer minstekvantum, som vert publisert i forskrift gjeldande frå 1.desember.

Nokon av industri-bedriftene som importerer, produserer eplemost sjølve (t.d. Lerum), eller kjøper norsk eplemost frå presseri (t.d. TINE). Denne tonnasje vert rekna med i minstekvantumet som bedrifta har kjøpt, men vert ikkje rekna med grunnlaget for minstekvantumsordninga, då det er basert på eplekonsentrat som konsentratprodusentane har for sal pr 1.desember. Bedrifter som produserer utelukkande på norske råvarer, og ikkje sel til vidareforedlingsindustrien, er ikkje omfatta av ordninga.

Forskrift om fordeling av tollkvoter for landbruksvarer (FOR-2024-10-04-2392)

Denne forskrifta regulerer i hovudsak korleis ein fordeler tollkvotane for landbruksvarer gjennom auksjon, korleis auksjonen skal føregå og krav til dei som skal vera med. I frukt og bær er det eplesaft og eplekonsentrat som er omfatta av denne forskrifta.

Kvotane er tollfrie, men for dei som er mest ettertrakta vert auksjonsprisen ikkje så langt frå kr 4,-

Praktisering

Dei som deltek i auksjonane må melda seg på, og må ha oppfylt krava til minstekvantum.

Tabell 1. Resultat av auksjonen av epleråstoff i desember 2025

Type	Kvote, tonn	Fordelt, tonn	Pris, auksjon 2025
Eplekonsentrat bearbeidingsindustrien EFTA 2026	400	0	
Eplesaft bearbeidingsindustri, EU 2026	3.300	3.300	3,68-3,69
Eplesaft bearbeidingsindustri, Storbritannia, 2026	100	100	0,01
Sum	3.800	3.400	

Tabell 1 viser at det ikkje var tilbydarar på EFTA-kvoten, medan TINE var åleine å by på kvoten frå Storbritannia i 2025. Etter at ei bedrift har fått tilslag på eit volum og ein pris, skal verdien av denne kvoten betalast inn til Landbruksdirektoratet, og kvoten gjeld frå 1.januar året etter.

Tollfri import av innsatsvarer som konkurrerer med norsk

Ei anna sak, som ikkje gjeld nedsett toll, men derimot er knytta til eit spesifikt tollposisjonnummer som er tollfritt. Det er produkt som er «konstruerte» for å unngå toll. Dette gjeld m.a. juice som er tilsett pulp og dermed er tollfri å importera, og denne konkurrerer med norsk ferskpressa juice. Det har arbeidd med å tetta dette holet, men så langt er det ikkje ferdigstilt.

Omsetningstiltak

I tillegg til dei ovanfor nemnde forskrifter, har Omsetningsrådet viktige funksjonar som har innverknad for eple til industriell bearbeiding. Omsetningsrådet er eit offentleg organ med ei frittstående stilling, med føremål å få til ei effektiv regulering av marknaden for ulike landbruksprodukt til lågast mogelege kostnader ([Omsetningsrådet - Landbruksdirektoratet](#))

Landbruksdirektoratet er sekretariat for Omsetningsrådet.

Det føreligg retningslinjer for marknadsregulering av epler, matpoteter og honning, fastsette av Omsetningsrådet. Siste endringar vart gjort 18.09.2025. Marknadsreguleringa gjeld berre norsk vare, og skal bidra til å oppnå målpris i konsum-marknaden. GPS er sett til å administrera avsetningstiltaka, som m.a. omfattar informasjonsplikt til marknadsaktørar om kva tiltak som vil bli sette i verk, kva sortar og mengder det gjeld og kor mykje som er på lager til gitte datoar.

Fondet for omsetningsavgift hagebruk vert belasta for faglege tiltak og opplysningsarbeid i tillegg til administrasjon og avsetningstiltak for eple og matpoteter. Marknadsregulering av hagebruksprodukt – avsetningstiltak, faglege tiltak og opplysningsarbeid - blir dekkja kollektivt gjennom jordbruksavtalen, og dei siste åra har avsetningstiltak i eple lege fast på 5 mill kr. Fondet var i 2024 på 23,4 mill kr.

Tabell 2. Utbetalingar til avsetningstiltak eple i åra 2022-2024 (Kjelde: Omsetningsrådet sine årsmeldingar)

Kostnader	2022	2023	2024	Medel
Reguleringslagring	1 330 700	2 607 500	1 621 200	1 853 133
Fabrikk	318 618	2 488 462	1 159 863	1 322 314
Administrasjon	570 571	644 000	663 502	626 024
Sum	2 219 889	5 739 962	3 444 565	3 801 472

Tabellen viser at i gjennomsnitt for åra 2022-2024 var kostnaden til avsetningstiltak for eple på 3,8 mill kr, og at kapitalen i fondet har auka.

Tabell 3. Oversikt over tonn eple klasse 1 produsert, reguleringslagra og regulert til fabrikk i åra 2022-2024 (Kjelde: Omsetningsrådet sine årsmeldingar)

	2022	2023	2024	Medel	Merknad
Maks kg regulering	2 500	3 500	3 000	3 000	L.dir. fastset
Produsert klasse 1	8 600	11 022	12 100	10 574	GPS samlar data
Reguleringslagra	1 900	2 456	1 332	1 896	GPS samlar data
Leverert fabrikk	199	1 513	712	808	GPS samlar data
Prosent leverert fabrikk	2,3	13,7	5,9	7,6	
Målpris	ikkje nådd	ikkje nådd	ikkje nådd		GPS samlar data

Tabellen viser at det har vore store variasjonar i produksjon og kor mykje klasse 1 som er levert fabrikk. I mars 2024 vart det regulert 205 tonn eple hausta i 2023, som inngår i talet for 2024. I 2024 var produksjonen høgare enn i 2023, samstundes som det vart reguleringslagra mindre og mindre vart regulert til fabrikk. Det inneber at ein betydeleg høgare andel vart omsett i konsummarknaden før 1.desember 2024 jamført med 2023.

Tilskot til reguleringslagring vert bestemt ut frå mengd på lager den 16.11 og 30.11, og det vert utbetalt kr 0,70 pr kg for kva dato. I jordbruksforhandlingane i 2025, vart det avsett 2,5 mill ekstra til reguleringslagring av eple under post 70.11 Marknadstiltak for grøntsektoren. Det vert ikkje betalt ut tilskot til reguleringslagring etter 1.desember.

Tilskot for klasse 1 som er regulert til fabrikk er på kr 1,60, og vert utbetalt til fruktpakkeriet. I tillegg vert det ytt frakt-tilskot for eple som vert transportert over 100 km under denne ordninga (kr 0,10 ved 100-200 km; kr 0,20 ved 200-300 km; kr 0,30 ved > 300 km).

GPS v/fruktlagerinspektøren samlar inn data frå pakkeria gjennom tal frå Fruktklienten. Tidlegare vart teljing til ulike datoar gjennomført ved personleg oppmøte, men etter pandemien har dette vorte gjort digitalt (Leif Øie, pers.oppl.). Tala som vert innrapportert gjeld klasse 1 og klasse 1 regulert til fabrikk, og ikkje annan industriproduksjon.

Det er verd å merka seg at eple er den einaste veksten av dei som er omfatta av målpris-systemet, som ikkje har nådd målprisen eitt einaste av åra 2022-2024. Regulert mengd til press vert registrert som konsumproduksjon i Landbruksdirektoratet sine statistikkar, men blir nytta til industriell produksjon.

Avtalar mellom aktørar

For produsentane og fruktpakkeria/ bærmottaka er det viktig å vita kor mykje råvarer industribedriftene kan kjøpa, produktspesifikasjon og pris, og at ein veit dette for fleire år framover. Dette gjer ein ved å inngå avtalar med industriaktørar, anten enkeltvis eller grupper av bedrifter. På same tid vil produsentane gjerne selja mest mogeleg til konsum, då det gir best økonomi. Børve et al (2021) påpeika at det trengs høgare presspris om det skal løna seg å levera sams vare til industri, jfr. med kombinert produksjon til konsum og industri. Slik må ein rekna med at det blir framover, og det er utfordrande for fruktpakkeria som skal oppfylle inngåtte avtalar med kundar samstundes som dei skal få best mogeleg pris til produsentane. Det er minst like viktig for produsentane å ha gode avtalar på industriråstoffet som å ha produksjonskvotar på konsum. Når det gjeld eple til konsentrat, vil det alltid stilla seg annleis, for der havnar det som er att når dei andre har fått det dei har behov for. I enkelte år kan det vera mykje, i andre år nesten ingenting, men det har svært mykje å seia for totaløkonomien i epleproduksjonen over tid. Her kjem minstekvantumsordninga inn og hjelper næringa.

Industri-aktørane må vita kor mykje norsk råvare dei kan forventa å få av den kvaliteten dei etterspør, kvart år, slik at dei kan planleggja råvareinntak, produksjon og sal. Problemstillinga er særleg utfordrande for dei som brukar berre norsk råvare, då dei risikerer å få for lite presseple i år med lite eple, noko som m.a. skjedde i 2020. Ein industriaktør er ute som leverandør til store omsetningskanalar om dei ikkje kan levera, så dei må sikra seg at dei har nok råvare. Nokon gjer det via import, andre gjennom å supplera med eple frå epleprodusentar/ fruktlager i andre område. Samstundes er framtidig behov vanskeleg å forplikta seg til for industribedriftene, då dei er avhengige av å få selt produkta sine.

Tidlegare var prisen på råvarer til industri både av frukt og bær i stor grad bestemt gjennom forhandlingar mellom partane. Slik er det ikkje lengre. Nesten alle produsentar som leverer til konsum er medlem i ein produsentorganisasjon, men industrivare av frukt og bær går i stor grad utanom denne organisasjonen, og blir i stor grad styrt av pakkeria og bærmottaka i samhandling med industriaktørane.

Etter at Gartnerhallen vart ein rein produsentorganisasjon for leveranse av klasse 1 til Bama og Norgesgruppen frå 1997, mista Gartnerhallen rolla som marknadsregulator frå 2000 på grunn av denne sterke tilknytninga. I 1997 etablerte Bama, Norgesgruppen og Gartnerhallen Gro industrier, som foredla poteter, grønsaker, frukt og bær fram til 2006, då Gro industrier vart oppkjøpt av Findus. Rolla som marknadsregulator vart overteken av GPS.

Fram til sesongen 2012 var det ei utjamningsordning for eple til industri. Konservesindustriens landsforening (KL) forhandla minstepris for industriple med Gartnerhallen, og garanterte for at medlemsbedriftene tok imot all norsk industrifrukt. Som fylgje av det, fekk konservesbedriftene importera eplejuice tollfritt for å fylla totalbehovet. Prisane vart utjamna innad i foreininga. Ordninga var svært lik den som er på frosne raude bær, der det var forhandlingar fram til 2024. Forhandlingsutval for raude bær omfatta også mottak som gjekk utanom Gartnerhallen, men Gartnerhallen beholdt ei sterk rolle. Forhandlingsutvalet inngjekk avtalar med KL om pris og andre vilkår, som vart retningsgjevande for all industriproduksjon innan kvar art. Gartnerhallen fordelte den norske produksjonen til industriaktørane, og KL utjamna prisane innad i foreininga.

Bærmengda gjennom Gartnerhallen vart etter kvart svært liten, og Sogn grønt braut ut og forhandla direkte med industrileverandørane. Dette har andre fylgt etterpå. For industriple gjekk det frå å ha ein garanti for å få omsett industri-eple til at industriaktørane som produserer konsentrat, ikkje får avsetningsgaranti. I bær er det no direkteavtalar mellom mottak og enkeltaktørar i industrien, der ingen har ansvar for å fordela norsk kvantum til industriaktørane som ynskjer å importera tollfritt.

Mange industribedrifter er medlemar i Konservesfabrikkenes landsforening (KL - ofte kalla «foreningen»), men ein stor aktør – TINE – er ikkje med i foreningen. Dette gjer at det ikkje er ein samla part korkje på leverandørsida eller på industrisida.

Det er ikkje nokon einsarta struktur i korleis prisdanninga for presseple skjer lengre, då det også avheng av råvaretilgangen og marknadsutviklinga i den sektoren den enkelte industriaktør opererer i. Grupper av presseri (t.d. siderprodusentar) forhandlar om råvareprisar og mengder med eitt eller fleire pakkeri for eitt eller fleire år fram i tid, medan større industriaktørar gir pristilbod til leverandørar av pressfrukt, mest vanleg eitt år om gongen. Industriaktørar har ulike marknadssegment dei opererer i, slik at det vil vera ulik betalingsevne for råstoffet.

Prisen på norsk konsentrat og på norske eple levert til konsentrat, vert idag sett av den bedrifta som produserer konsentratet. Sidan det no er to bedrifter i Noreg som konkurrerer i denne marknaden, er denne informasjonen ikkje offentleg, men pakkeria sender dit det er mest lønsamt om det ikkje er inngått forpliktande avtalar. Minstekvantumsordninga skal sikra avsetning av norsk vare, men det skal ikkje vera nokon avsetningsgaranti. Det medfører at dei to bedriftene som driv konsentratproduksjon må bera risikoen med å halda lager og bitta kapital over mange månader, og slik sett fungerer dei som bank for produsentar og pakkeri. Samstundes som dei ikkje har nokon avsetningsgaranti, vert det forventat at dei tek imot, noko som ikkje er nedfelt i forskrifta. Dette medfører betydeleg risiko for desse bedriftene, og kapitalkostnader må takast att på salsprisen av konsentratet for at det skal vera økonomisk forsvarleg drift.

I Hardanger har fruktlagera avtalar med TINE og Hardanger siderprodusentlag som omhandlar m.a. tonnasje, kvalitetskrav og pris. Det er også avtale med Frukthagen Hardanger om avtak til konsentratproduksjon. Før sesongen er det møte mellom fruktlagera og industriaktørane med anslag for kor mykje varer ein får inn denne sesongen, og kor stort behovet er hjå dei enkelte aktørane. I sesongen er det regelmessige møte mellom store mottakarar om uttak kvar veke, og kven som skal levera kva. Der er det Frukthagen Hardanger og TINE (leigepressar hjå Frukthagen Hardanger) som er dei store aktørane, medan forholdet til siderprodusentane som skal ta ut vare er mindre regulert (Kari Opedal og Liv Sollesnes, pers. oppl.). Ein prøver å styra pressepla til dei ulike aktørane heilt frå starten av sesongen: Siderprodusentar – TINE - konsentratproduksjon, og tilpassa det til kva tid presseria har kapasitet til å ta imot, og kva dei tek imot. I Sogn og Nordfjord er det gjort avtalar med Lerum. I Sogn førehandsinnmelder medlemmane i Sogn frukt- og siderlaug før sommaren kva mengder dei forventar å ta, pakkeriet oppdaterer bestillingane i august og leverer deretter på førespurnad (Anita Roset og Inghild Lysne Sanden, pers. oppl.). Avtaket er lausare organisert enn i Hardanger, men det er også vesentleg mindre eplemengder å handtera. Ein betydeleg del av eplekvantumet går direkte mellom produsent og industriaktør, og vert ikkje administrert av pakkeria slik det er i Hardanger. For Vestland totalt vart det i gjennomsnitt for åra 2022-2024 levert 1.015 tonn eple til konsentrat og juice som vert omfatta av minstekvantsordninga, noko som tilsvara 22 prosent av Vestland sin samla tonnasje av eple og pære til press i same periode. I rapporten er det ikkje sett på omfanget i andre store epledistrikt, men problemstillinga er truleg mykje den same.

Det vert freista å inngå avtalar før sesong på pære og steinfrukt, men det har vore lita interesse for å ta imot desse råvarene, då det ikkje har lukkast å laga produkt som går i marknaden over tid. Avtaket av desse råvarene har difor hatt preg av sporadiske initiativ, sjølv om det har vore årviss leveranse til aktørar som tek imot mindre volum.

I 2001 var det oppretta eit forhandlingsutval for raude bær som skulle forhandla med KL (Innvik fruktlager, 2016). Forhandlingsutvalet femna om alle produsentar uavhengig av organisatorisk tilknytning, og Gartnerhallen hadde rolla som sekretariat og fordelte tonnasjen til industribedriftene. Ordninga fungerte godt, og gav godt oversyn over totalvolumet av norske raude bær til industrien. Det var derimot problematisk at ein stor del av tonnasjen i bringebær gjekk som direkteavtale mellom mottak og TINE (utanom KL), og at det såleis vart mindre og mindre norsk vare å fordela mellom resterande partnarar i KL, som stod for forhandlingane saman med Gartnerhallen. Det vart også sett som uheldig at mange produsentar ikkje var medlem av Gartnerhallen, og at ein betydeleg del av tonnasjen gjekk utanom Gartnerhallen sine administrative ordningar. Alle produsentar fekk nytte av framforhandla resultat, sjølv om dei ikkje var med og delte på kostnadane (Håkon Myklebust, pers. oppl.).

Forhandlingsutvalet for raude bær forvitra etter at Gartnerhallen i 2016/17 sa ifrå seg den koordinerande rolla dei hadde hatt, og det vart eit reint organ for Gartnerhallen sine produsentar. I prinsippet galdt det då tre mottak: Innvik fruktlager, Sogn frukt og grønt og Valldal grønt. Desse tok på seg eit ansvar for produsentfellesskapet for at alle industribedrifter skulle få tilgang til å kjøpa norske, raude frosne bær (Anita Roset og Håkon Myklebust, pers. oppl.).

I dag har Gartnerhallen sentralt kulturansvarlege produsentar (SKP) for raude frosne bær (Håkon Myklebust), solbær/kirsebær industri (Øistein Reppe) og i tillegg ein eigen «region» industri, som handterer poteter og grønsaker (Ane Hjetland Holt). Sidan Gartnerhallen sine produsentar av raude frosne bær no har så liten del i forhold til det som går utanom, er desse forhandlingane no stort sett mellom to bærmottak og Lerum, og så får dei andre industriaktørane tilbod om å kjøpa for tilsvarande pris. Størstedelen av bringebærproduksjonen i Sogn går no til TINE, og prisen vert

avtalt mellom TINE og bringebærprodusentane i Vik. For poteter og grønsaker er dette i meir ordna former, der Grøntprodusentenes samarbeidsråd (GPS) har teke på seg ei koordinerande rolle for produsentane andsynes industrien.

Det synest som om avtalar mellom pakkeri og juice-/siderprodusentar har funne ei form som begge partar kan forhalda seg til i Hardanger. I Sogn og Nordfjord er avtalar mellom Sogn frukt og grønt/ Innvik fruktlager og Lerum på plass, medan det enno ikkje er etablert liknande forpliktande avtak med Balholm, Gardspresseriet eller siderprodusentane.


Pris på eple til konsentrat er viktig for produsentane sin økonomi, og kunne vore forhandla av ein aktør på vegne av alle produsentar då dette gjeld offentlege ordningar som gjeld alle. Tidlegare forhandla Gartnerhallen med KL om pris på presseple til konsentrat, og konsentratprodusenten gav deretter tilbod til KL på konsentratpris som grunnlag for signert kontrakt kvart år. Ei slik ordning kunne vore re-etablert, men då med ein annan produsent-aktør enn Gartnerhallen.

For raude bær er det behov for å gå gjennom korleis ein ynskjer å handtera dei offentlege ordningane. Forskrifter skal sikra industrien råvarer og norske produsentar avsetning av råvarene, men stoda i dag er at etterspørnaden etter norske varer er større enn produksjonen. Det har også blitt slik at importkvotar har blitt eit verdipapir meir enn eit viktig middel for å skaffa seg råvarer. Dersom norsk produksjon av jordbær og bringebær til industrien skal halda fram, må produsentane sikrast god pris for bæra, og mottak som kan laga det halvfabrikata som industrien etterspør i mange år framover. Forhandlingssituasjonen mellom produsentar og industri er fragmentert, og det bør vurderast re-etablering av eit organ tilsvarande «Forhandlingsutvalet for raude bær».

Konkurransesituasjonen

Eple


Eple er det viktigaste fruktslaget som vert produsert i Vestland, og det er eit produkt som har mange bruksområde. Mange eplesortar kan lagrast lenge, og eple frå Vestland vert selde til konsum frå august til over nyttår, men hovudtyngda er seld før 1.desember. Etter det er det tollfri import, og så langt er det berre Telefrukt som har hatt målretta satsing på sal av eple etter denne dato.



Figur 1. Utvikling i epleproduksjonen i Vestland 2015-2024 Kjelde: Landbruksdirektoratet

Gjennomsnittleg epleproduksjon i Vestland var 6.500 tonn i perioden 2015-2024, og den syner ein oppadgåande trend både for press og konsum. Press i Landbruksdirektoratet sin statistikk er både eple og pære, men i seinare år har det vore levert så lite pære til industri at alt er rekna som eple. Andelen press har i gjennomsnitt vore 41,4 prosent i denne perioden. Det er verd å merka seg at regulert klasse 1 til press er registrert som klasse 1, slik at tonnasjen som er nytta til industriell bearbeiding er høgare enn det som kjem fram av figuren. Utrekningar gjort på landsbasis viser at det i mange år er meir eple som vert pressa til juice, sider og konsentrat enn som blir omsett i konsummarknaden når ein reknar med klasse 1 som vert regulert til press.

Vareflyt



Figur 2. Vareflyt frå produsent til industriaktør som sel ferdigvarer

Figur 2 illustrerer korleis epleråvarer flyt i verdikjeda. Fruktlageret er navet i dette systemet, og at lageret fungerer godt er avgjerande for produsentøkonomien. Noko over halvparten av tonnasjen som kjem inn til pakkeriet går til konsum eller blir sortert til konsum og regulert til press. Ein stor del vert levert til pakkeriet som «Storkasse press», og pakkeriet fordeler til sine kundar på ein måte som optimaliserer det økonomiske resultatet for pakkeri og produsent. Fruktlageret har altså eple som kan/skal sorterast ut til konsum/press, noko som er levert som press og noko som er sortert ut som press. Det er viktig for fruktlageret å ha god kontroll på kva dei har inne til ei kvar tid, slik at dei kan kanalisera pressepla der dei får mest for dei, og at kostnadane til handtering inkl. transport, blir lågast mogeleg. Dei som har få kulturar og eple som dominerande kultur vil ha best kontroll på logistikken for denne kulturen.

Nokon fruktlager har rutinar for at produsentar som leverer direkte til juice-/ siderprodusent melder inn press gjennom fruktlageret, men har ein eigen kategori som viser at det er levert direkte. På same måte melder juice- og siderprodusentar inn kor mykje dei har av eigen produksjon, dersom dei er medlemar i fruktlageret og leverer anna frukt der. Det er ulike rutinar, avhengig av vedtekter og kor sterkt samvirket står hjå dei enkelte fruktlagera, men det er viktig for alle at fruktlageret har ein sunn økonomi.

Fram til no har det vore mogeleg å selja alle presseple, men med varierende pris alt etter kor mykje som har gått til konsentrat.

Dersom eit parti har stått for lenge, kan ein risikera at partiet har blitt så dårleg at det er ingen kundar som vil kjøpa, og då må det kasserast. Frukt som ikkje vert nytta til menneskemat kvalifiserer ikkje for tilskot, og skal rapporterast som matsvinn.

Ei av dei store utfordringa personalet på fruktlagera på Vestlandet står overfor er mange produsentar, mange sortar og mange parti pr. produsent og sort.

Aktørbiletet

Det er 5 fellespakkeri i Vestland som mottek eple til sortering: Innvik fruktlager SA, Sogn frukt og grønt SA, Ullensvang fruktlager SA, Hardanger fjordfrukt SA og PL Nå fruktlager BA. Fruktpakkeria er tett knytte til grossist på konsum-sida, men i lita grad på press. Dei tre pakkeria i Hardanger har knytt opp deler av produksjonen til TINE, som pressar juice hjå Frukthagen Hardanger på Aga. Frukthagen Hardanger kjøper også eple til anna produktutvikling og konsentrat, i tillegg til at juice- og siderprodusentane har teke store menger presseple i seinare år.

Avtakarar av presseple kan delast tre kategoriar, jfr. Figur 2:

- a) Dei som pressar til bruk i eigen produksjon i tillegg til import
- b) Dei som pressar til bruk i eigen produksjon med berre norske eple
- c) Dei som pressar for å levera halvfabrikata råvare til kategori a

I kategori a er det få aktørar i Vestland, medan det har blitt svært mange i kategori b. På landsbasis er det berre to bedrifter i kategori c: Frukthagen Hardanger AS og Røyse bærpresseri AS. Begge desse bedriftene har i tillegg produksjon i kategori b. Minstekvantsordninga som er skildra over, gjeld bedrifter i kategori a og c.

Den store auken som har vore i produksjon av presseple dei siste 25 åra, har kome som resultat av innovasjon innan juice og sider hjå bedrifter som høyrer inn under kategori b. Dette har medført auka verdiskaping i frukt-områda i Vestland, og bidrege til merkevarebygging av frukt frå dei ulike områda. Forskrift om vern som geografisk nemning er gitt for «Eplejuice frå Hardanger/ Eplemost frå Hardanger», «Sider frå Hardanger» og «Sider frå Sogn/ Cider frå Sogn». Også TINE, som er bedrift i kategori a, har bidrege til denne utviklinga, og marknadsfører «Sunniva® Presset Eple frå Hardanger». Epleprodusentane har fått betre totaløkonomi gjennom at prisen på presseple har gått betydeleg opp, ved at det er etablert nye marknader for bearbeidde lokale produkt av eple. Det har også medført nedgang i tonnasje som vert levert til konsentratproduksjon.

Dersom ein ser på totalvolumet av eple som har gått til minstekvantsordninga i Vestland, jamført med den totale produksjonen av presseple, vert dei største voluma av presseple i Vestland i dag bearbeidde av juice- og siderprodusentar. Presseple som vert nytta til bruk i halvfabrikata hjå Frukthagen Hardanger, og eple som vert pressa hjå aktørar som også

importerer eple, utgjør ein betydeleg «buffer» i systemet – i gjennomsnitt for alle presseple for åra 2022-2024 var det 22 prosent.

Lerum AS er ei stor familie-eigd bedrift, og er viktig for produsentane i Sogn og Nordfjord. Den vart bygd opp med lokale råvarer, og tek framleis imot mykje. Det meste av råvarene vert no importert, og Lerum er ein stor aktør i daglegvaremarknaden. Ein periode var eplepressa ute av drift, men den er no i full drift att. Totalt sett vil det vera ein meir kostnadseffektiv varestraum og betre lønsemd i alle ledd for dei som har kortare transportavstand til Kaupanger, og levera dit i staden for å transportera til Hardanger. Sidan det marknadssegmentet Lerum opererer i har sterkt prispress, vil prisnivået dei kan betala vera på nivå med eple til konsentrat.

Noverande Balholm AS vart skipa i 2006, og har i dag 9 aksjonærar – dei fleste lokale. Bedrifta har fokus på økologiske råvarer, og har hatt sterk vekst i seinare år. Dei ynskjer meir økologiske eple frå heile fylket, og har inngått mange leveringsavtalar direkte med produsentar. Bedrifta ynskjer å produsera juice i fleire månader for å utnytta det tekniske utstyret og personale optimalt, og har difor importert ein god del eple til pressing etter 1. desember (Åge Eitungjerde, pers. oppl.). Mykje av importen har vore økologisk, men bedrifta pressar også mykje konvensjonelle eple. Norske presseple etter nyttår er utfordrande både økonomisk og når det gjeld råvarekvalitet. Balholm investerte i ny produksjonslinje hausten 2025, og tok difor lite eple frå pakkeria det året.

Frukthagen Hardanger AS er ein svært viktig aktør i Hardanger, og tek også imot eple frå andre regionar til konsentratproduksjon. Eplekonsentrat vert laga ved inndamping til minst 65 brix (69 Brix i 2025), og ein reknar at det trengs 8 kg eple for å produsera 1 kg konsentrat (Ivar Igland Bleie, pers. oppl.). Konsentrat held seg lenge og tek mindre plass enn juice. Konsentratproduksjonen vart starta på Aga i regi av Gartnerhallen på 1960-talet, men bedrifta har gått gjennom mange omorganiseringar. I dag er Frukthagen Hardanger AS eigd av Scandza (50,1%), og dei tre fruktlagera i Hardanger (49,9%)

Frukthagen Hardanger pressar all juice til Tine sitt varemerke Sunniva® «Presset eple frå Hardanger» og for nokre siderprodusentar i nærområdet.

Ein del kundar som har kjøpt små kvantum norsk eplekonsentrat tidlegare, har slutta å kjøpa, og importerer med full toll. Alle innkjøparar av råvarer vil gjera kalkylar for kva som løner seg totalt sett, og det kan løna seg for små aktørar å importera med full toll med det prisbiletet som er idag.

Det er svært mange gardspresser i Vestland, både i eigne AS og som enkeltføretak. Denne utviklinga har kome gjennom lokal innovasjonskraft i Hardanger, Sogn, Nordfjord og i mange andre deler av landet. I Vestland er det registrert 30 medlemar i Hanen sitt konsept «Siderlandet» og 30 i dei andre fylka samla. Nokre få av desse er reine utsals-stader, medan andre berre produserer på eiga frukt. Dei store produsentane kjøper varer frå lokale produsentar og pakkeri, og alle juice- og siderprodusentar må ha eit mykje meir kommersielt fokus enn fruktpakkeriet, særleg innan produktutvikling, marknadsføring og sal. Samstundes er dei tente med eit sterkt fellesskap for å bidra til auka produktkvalitet og sikrare råvaretilgang.

Gardspressene/siderprodusentane produserer ulike eple-baserte drikkevarer, gjerne med geografiske merke. Produksjonen skjer utelukkande med norske råvarer, og det har vore god pris på epla levert til dette føremålet. Slik sett har det vore ynskjeleg for produsentane og pakkeria å levera mest mogeleg til desse avtakarane. Samstundes må ein ta inn over seg at det er stor variasjon i både storleik, profesjonalitet og soliditet mellom desse avtakarane, som gjer at

pakkeria må spreia risikoen for pressepla og syta for at tidlegare kundeforhold også vert ivaretekne. Samla hadde dei gardspressene som er AS ein omsetning på 110 mill kr i 2024 (kjelde: Proff).

Industrien sin import av epleråstoff

Statistisk sentralbyrå sin importstatistikk gir tal for kor mykje industrien importerer, men det finst ingen offisiell statistikk på kor mykje av dette som har redusert toll. Resultatet av auksjonane av dei tollfrie kvotane vert publiserte på Landbruksdirektoratet sine nettsider, men det er ikkje ope kven som importerer til redusert toll. Det er likevel rimeleg å anta at dei som importerer større mengder ynskjer å kjøpa minstekvantum for å få rimelegare import.

Tabell 4. Import av eplekonsentrat (tollposisjon 20.097.900) i åra 2018-2025 (Kjelde SSB)

År	Kg	Verdi	Gj.sn. pris pr kg
2018	8 510 441	143 327 959	16,84
2019	8 429 491	98 667 229	11,71
2020	7 973 766	119 742 159	15,02
2021	7 741 277	111 188 000	14,36
2022	7 811 418	110 895 925	14,20
2023	7 199 753	145 183 495	20,17
2024	7 224 143	173 175 784	23,97
Gjennomsnitt	7 841 470	128 882 936	16,61

Tabellen viser at industrien i gjennomsnitt for åra 2018-2024 importerte nær 8.000 tonn konsentrat til ein gjennomsnittleg pris på kr 16,61. Det var ein betydeleg prisauke f.o.m. 2023, men prisen på eplekonsentrat avheng av situasjonen på verdsmarknaden.

Prosentandelen av norsk konsentrat i same periode utgjorde frå 0 til 3,5 av totalforbruket, og har totalt sett lite å bety for produkta som industrien lagar. Prisen på norsk eple-konsentrat er langt høgare enn importert konsentrat, men det er ikkje kjent publiserte analyser som viser skilnad i kvaliteten på norsk og importert konsentrat. Importert konsentrat kan bestillast med nivå på syreinnhald og aroma (Oddbørg Fjelltnun, pers. oppl.), medan norsk konsentrat har definert brix, og varierer elles med sesong og sortssamansetjing. Det er ikkje gjort vidare undersøkingar kring denne problemstillinga i rapporten.

Tabell 5. Import av eplesaft < 20 brix (tollposisjon 20.097.100) i perioden 2018-2024 (Kjelde: SSB)

År	Kg	Verdi	pris pr. kg
2018	1 009 038	7 568 052	7,50
2019	732 474	5 043 847	6,89
2020	889 995	5 893 959	6,62
2021	1 235 019	8 146 921	6,60
2022	445 558	3 785 542	8,50
2023	388 184	3 379 112	8,70
2024	266 855	4 198 725	15,73
Gjennomsnitt	709 589	5 430 880	8,65

Industrien sitt forbruk av eplesaft har variert meir enn forbruket av konsentrat, og var i gjennomsnitt om lag 700 tonn pr. år i perioden 2018-2024, altså om lag 10 prosent av forbruket av konsentrat. Prisen på importert saft (juice) ligg nærare den norske enn prisen på importert konsentrat, men er avhengig av prisen på det som er tilgjengeleg på verdsmarknaden på den kvaliteten ein er ute etter.

Konklusjonar

Eplepress har blitt ei attraktiv vare i og med framvoksteren av juice og siderproduksjon, som har gitt betre pris for varene enn å levera til konsentrat. Ein ser at tonnasjen som går til konsentrat har gått stadig nedover, men eplevolumet vil koma til å auka i åra framover, og ein betydeleg del av dette vil gå til press. Minstekvantumsordninga er utfordrande for konsentratprodusentane i og med at det ikkje er ein avsetningsgaranti, og heller ikkje omfattar alle presseple som vert rapportert inn som forbruk av norsk råvare. Konsentratprodusentane tek på seg ei reguleringsoppgåve for produsentane, men må halda lager og kapital utan at dei veit om konsentratet blir selt. Dette må det finnast ei løysing på.

Det er inga samordning av pris eller tonnasje av presseple, noko som er særleg utfordrande for konsentratprodusentane som skal handtera den tonnasjen som kjem til konsentrering, om det kjem noko i det heile eller om det kjem over 1000 tonn. For konsentratprodusentane er dette ein uholdbar situasjon.

Sjølvsagt om det har vore stor auke i bruken av presseple til lokal verdiskaping, er konsentratproduksjonen ein viktig avsetningskanal for å sikra overproduksjon og sterkt prisfall på presseple til anna bruk.

Pære

Pærevolumet i Vestland har teke seg oppatt dei siste åra, etter å ha vore på eit svært lågt nivå. Salet til konsum er i dag om lag 400 tonn i året. TINE prøvde seg i 2009 og 2010 med satsing på pærejuice frå Sogn, men lukkast ikkje med å få produktet til å gå i marknaden. Det har også vore andre initiativ, men så langt er det ingen som har lukkast med å laga produkt av pære som har vorte omsett i stor skala over tid, slik det har blitt i eple.

Det er sannsynleg at mengda av pære som kunne gått til press er minst like stort som i eple, då det er ein større del som går ut på grunn av insektskader (tege, åmer, gallmygg). Potensialet er såleis kring 400 tonn dersom det fanst omsetning av det.

Det er i dag 4 mottak som tek imot pære i Vestland: Sogn frukt og grønt SA, Ullensvang fruktlager SA, Hardanger fjordfrukt SA og P/L Nå fruktlager BA. Dei to fyrstnemnde har ei dominerande rolle.

Det er presstilskot til pære, men det hjelper lite når det ikkje er avsetnad på råvara. I mange år har det blitt dumpa mykje pære eller gitt til dyrefôr både i Sogn og Hardanger, og mykje har blitt att i hagane. Råvare som ikkje vert seld til menneskemat kvalifiserer ikkje for tilskot, og mangel på utnytting medfører dårlegare økonomi i produksjonen.


I dag tek Frukthagen Hardanger imot noko pære til konsentrering og eiga produktutvikling, men har liten omsetning av ferdigvare. Det er også ein del andre lokale initiativ. Internasjonalt kjenner ein til at pære vert brukt mykje til hermetisering, og det blir importert mykje hermetiske pærer, særleg frå Kina. Det er vanskeleg å tenkja seg at ein i Noreg skal kunna etablere produksjon av hermetiske pærer. Anna bruk er som sider og brennevin, og det er bedrifter som prøver dette også i Noreg.

Det er vanskeleg å sjå føre seg at pæreproduksjon til industri kan bli særleg omfattande med dei sortane som vert dyrka i Noreg i dag. Ein bør heller ha fokus på kulturtiltak som gjer at mest mogeleg vert hausta som klasse 1, og at ein får omsett alt det som vert sortert som klasse 1 til ein god pris. Så bør det også gjerast ein innsats for å få fleire industriaktørar til å ta utsortert vare, slik at pærene kjem til nytte og at det bidreg positivt til det økonomiske resultatet i eit pærefelt

gjennom tilskotet til pressfrukt. Det vil med det krevja at industriaktørane brukar ressursar på produktutvikling.

Plomme

Plommeproduksjonen i Vestland har vore i svært varierende dei siste åra, og arealet har gått ned. Avlingsvariasjonen har fleire årsaker, der klima-endringar nok er ein av dei viktigaste, saman med utfordringar innan plantevern. Plommene blømer stadig tidlegare, og det kjem ofte ein kald periode under eller etter bløming som gjer at det blir dårleg fruktsetjing. Det har medført vekselbering, og problem med avsetning av plomme i marknaden i dei åra det har vore store avlingar, slik at totaløkonomien for produsentane har blitt mykje dårlegare dei siste åra.



Figur 3. Plommeproduksjonen i Vestland 2020-2024

Figuren viser dei store årsvariasjonane som har vore i plommeproduksjonen dei siste åra. Særleg 2020 var eit dårleg år, og 2025 var også eit år med stor avlingssvikt i plomme. Utsortert vare på pakkelinja varierer ikkje så mykje frå år til år, men i år med høg produksjon kan plommene bli ståande for lenge på kjø, eller det kan blir haustestopp som gjer at plommene ikkje vert hausta.

Det er ikkje særlege offentlege tilskotsordningar for industrifrukt av plomme.

Plommer til industri er lite ettertrakta, men det er litt avtak til syltetøy, hermetiske plommer og brennevinsproduksjon av spesielle sortar. Dei plommene som vert hausta er hovudsakleg klasse 1, og dei fleste produsentar gjer seg flid med å berre hausta klasse 1 frukt. Det som ikkje held mål, vert att i hagen. Hovudproblemet i avlingsrike år ligg i overlaging (ligg for lenge på kjølelager), som gjer at plommene ikkje har god nok holdbarheit i butikk, og dermed må kasserast på fruktlager. Dette har stor innverknad på gjennomsnittleg utbetalt pris for ein sort.


I Sogn har det også vore avvist parti på grunn av skade av plommeviklar, og enkelte felt har ikkje vorte hausta på grunn av dette i seinare år. Det har også medført stor auke i produksjonskostnadane i og med at haustinga går mykje seinare.

Det har vore ulike initiativ for å prøva ut ulike halvfabrikata, som pulp (utsteina plommer) og plommejuice, men så langt er det ikkje utvikla noko produkt som har gitt avtak av store volum. Her kan leggjast til at utsortert vare av plomme er ei svært heterogen råvare, då den inneheld både lite mogne, overmogne og skadde plommer.

Det synest langt fram å utvikla gode plommeprodukt, då dette heller ikkje er vanlege industriprodukt internasjonalt. Dei største industriprodukta internasjonalt er svisker og brennevin (Slivovitz), som er basert på andre sortar enn dei som vert dyrka til konsum i Noreg. Fokuset i produksjon og omsetnad må vera å produsera høge volum av klasse 1 vare som kan omsetjast til konsum.

Moreller

Moreller har mykje same problemstillingar som plomme, men her er ikkje klimaverknadane like utprega i og med at produksjonen føregår i plast-tunnelar eller under plast-tak.



Figur 4. Utviklinga i morellproduksjonen i Vestland 2020-2024

Figuren viser at avlingsvariasjonen i moreller i stor grad fyl plommer, men med litt mindre variasjon mellom år.

Tegeskade har vore eit stort problem i mange hagar, og ført til at mykje frukt ikkje har vorte hausta.


Som for plommer, har det vore prøvd ut ulike former for utnytting av moreller i mindre skala, utan at ein har funne konsept som kan gje stort avtak over tid. Internasjonalt er moreller eit konsumprodukt, der det er fokus på å produsera mest mogeleg konsum, og det som ikkje er det blir kassert. Det synest langt fram å finna gode industriprodukt som kan omsetjast i store volum, og det er truleg meir å henta på å utvikla konsumproduksjonen og marknaden, slik at den tek undan dei mengdene som vert produserte.

Bringingbær

Rekna etter verdi var bringingbær lenge den viktigaste kulturen i tidlegare Sogn og Fjordane fylke, men etter den store veksten i konsum-marknaden som kom etter tusen-årsskiftet, har dette området fått avtakande betydning. I dag har dette området ca 50 prosent av den norske produksjonen, som var over 90 prosent før tusenårsskiftet (Kjelde: Landbruksdirektoratet).

Landbruksdirektoratet sine statistikkar viser bringingbær totalt og industribær totalt, dei skil ikkje mellom ulike arter for industri. Den totale bringingbærproduksjonen som vert innrapportert omfattar alt sal, også utanom fruktlager. Etter at forhandlingsutvalet for raude bær vart borte, er

det SKP for frosne raude bær i Gartnerhallen som har dei beste tala for industriproduksjonen, saman med dei tala som vert samla inn av Programstyret for frukt og grønt i Vestland.




Figur 5. Utviklinga i bringebærproduksjonen i Sogn og Fjordane 2005-2022 (Kjelde: Programstyret i frukt og grønt)

Det har vore ei svært negativ utvikling i bringebær, mest i industriproduksjonen, men også i konsumproduksjonen i fylket frå 2015. Fleire rapportar har sett på årsaker til dette (Kvaal, 2022; Eldby, 2024; Heggdal et al.2024), men ein har ikkje lukkast å finna tiltak som kan snu trenden. Dei viktigaste årsakene det er peika på er dårleg lønsemd, administrative belastningar, problem med skadegjerarar/ mangel på plantevernmiddel og tilgang på jord.

Vareflyt

Varestraumen i bringebær er enklare enn for frukt, då sorteringa skjer hjå produsent som leverer anten i korg til konsum, eller i container på 1000 liter som mottaket prosesserer eller lagrar for ekstern prosessering av halvfabrikata. Denne siste prosesseringsmetoden er Tine sitt opplegg ved at containerar vert køyrt til Tine sitt anlegg i Vik for ekstraksjon av juice på store tankar som så blir frosne ned på IBC-tankar hjå Sogn grønt og køyrt derifrå til vidare produksjon av ferdigvare hjå TINE Fellesjuice. Det er elles litt ulike modellar for produksjon av halvfabrikata i sekk, som inkluderer eitt eller to steg frå mottak på pakkeriet til ferdig halvfabrikata, men det er krav om metalldeteksjon av desse råvarene som skal leverast til industri.



Figur 6. Varestraum bringebær til industri. Prosessering til pulp for ulike industriaktører, og Tine si linje for produksjon av juice.

Dei siste åra har konserverproduksjonen av raude bær gått sterkt attende. Dette sjølv om industrien har ynskje om meir norske bær, og har vore villig til å strekkja seg lengre på pris. Samstundes har også industribær vorte prioritert i jordbruksforhandlingane, og i 2023 kom det inn eit ekstra tilskot på 2 kr pr. kg for industribær. Dette tilskotet har vorte auka med 2 kr kvart år sidan, og kjem i tillegg til det vanlege distriktstilskotet (DK). For 2026 er det 8 kr ekstra tilskot pr. kg til industribær i tillegg til kr 12,72 pr. kg i DK-tilskot til bær i sone 5B (som gjeld alle kommunar i Vestland). Sjølv med desse pris-incitamenta og auka etterspørsel frå industrien etter norske bær, har det ikkje snudd trenden og fått produsentane til å auka produksjonen. Industribær er også viktige produkt for mange mottak sin økonomi, og denne utviklinga er kritisk for heile industribærproduksjonen (Heggdal et al. 2024).

Aktørbiletet

For å kunna produsera industribær må det vera eit mottak som kan prosessera og ha tilstrekkeleg nedfrysingskapasitet og lagringskapasitet til å ta hand om denne produksjonen. Dei siste 10 åra har situasjonen endra seg mykje ved at fleire mottak har avslutta aktiviteten på grunn av fallande volum, auka straumkostnader og behov for investeringar som ikkje kan forsvarast økonomisk. I 2017 var det i alt 15 innfrysingsanlegg som var involverte i fordelinga av frosne raude bær til industrien, og det var 13 industribedrifter som tok imot anten jordbær eller bringebær eller begge deler (Forhandlingsutvalet for raude bær, fordelingsstatistikk). I dag er det fem innfrysingsanlegg att, og 10 industribedrifter som søkte om kvote hjå Landbruksdirektoratet.

Desse fire mottaka i Vestland hadde innfrysing av bringebær i 2025:

- Innvik fruktlager SA
- Luster grønt AS
- Sogn grønt AS
- Sogn frukt og grønt SA

Den rolla som Gartnerhallen har i dag er svært annleis enn den var då forhandlingsutvalet for raude bær eksisterte. Når Tine etter kvart har teke over det meste av totalvolumet utan at desse

produsentane betalar adm. trekk til Gartnerhallen, er det ikkje rimeleg at Gartnerhallen skal gå i bresjen og forhandla pris med industriaktørane. TINE har bygd opp ei merkevare kring bringebær frå Vik, men har endra til Sunniva «Eple frå Italia Bringebær frå Sogn», sidan Vik ikkje lengre har nok produksjon til å stetta Tine sitt behov.

Elles er det svært mange avtakarar av industribringebær utanom TINE, både store, som Lerum og Orkla, til små gardspresseri som ynskjer å eksperimentera med innblanding av bringebær i ulike typar juice og sider. Dei som har stort forbruk av bringebær må sikra seg å få norsk vare for å kunna få andel av tollfri import, og gjer det no ved å ta direkte kontakt med bærsmottaka. Om industrien får tak i for lite bær, må dei kjøpa kvotar av andre som har for sal.

Tabell 6. Fordeling av norsk kvote av bringebær ved tildeling for 2026 i forhold til det bedriftene har kjøpt av norsk vare (Kjelde Landbruksdirektoratet)

Aktør	Kvot 750 t	GB -190 t	EU - 950 t	sum	%
ANS Peder Jacobsen Saft og Konserverfabrikk AS	1 994		2 526	4 520	0,2
Lerum AS	152 478	38 628	193 140	384 246	20,6
Valldal Safteri AS	5 737	1 453	7 267	14 457	0,8
Orkla Foods Norge AS	20 413		25 856	46 269	2,5
Idun Industri AS	50		63	113	0,0
AS Lisa	4 803		6 084	10 887	0,6
A/S Røra Fabrikk	54 209		68 664	122 873	6,6
Tine SA	488 636	123 788	618 938	1 231 362	65,9
Rogaland Konserverfabrikk	7 204	1 825	9 126	18 155	1,0
Danica Foods AS	14 476	3 667	18 336	36 479	2,0
Sum tildelt kvote	750 000	169 361	950 000	1 869 361	100,0

Tabell 6 viser Tine sin dominerande posisjon som avtakar av norsk vare. Den endelege fordelinga av kvotane vert avgjort gjennom kjøp og sal av kvotar mellom dei bedriftene som har fått kvote, men desse tala er ikkje offentlege.

Den tollfrie kvoten er på 1.890.000 kg, men i sist tildeling vart kvoten for Storbritannia ikkje fylt opp. Dersom ei bedriftene ynskjer å importera meir enn dei har fått tildelt, må dei importera med full toll (kr 8,59) eller kjøpa tollfri kvote frå andre bedrifter.

Industrien sitt forbruk av bringebær til prosessering

Det meste av det som vert importert av bringebær til industriell prosessering er frosne bringebær. Dette har ein eigen tollposisjon, og både kg og verdi frå importland kan hentast ut hjå Statistisk sentralbyrå. Tabell 7 syner utviklinga i åra 2018-2024.

Tabell 7 Import av frosne bringebær i perioden 2018-2024 (Kjelde SSB)

År	Bringebær		
	kg	verdi, kr	Bringebær pris, kr
2018	2 566 167	51 919 577	20,23
2019	2 546 158	49 336 612	19,38
2020	3 042 078	81 947 182	26,94
2021	3 672 048	136 978 201	37,30
2022	2 617 010	134 836 045	51,52
2023	2 873 409	138 223 902	48,10
2024	2 801 698	94 633 111	33,78
Gjennomsnitt	2 874 081	98 267 804	33,89
Tollfri kvote	1 890 000		

Differansen mellom import og tollfri kvote er dekket av norsk vare og importert vare med full toll (kr 8,59) eller auka kvote gjennom FAT. Denne differansen kunne i høgare grad vore dekket av norsk vare, men her er eit skjeringspunkt som er bestemt av pris på norsk og verdien av å importera tollfritt.

Konklusjonar

Bringebærproduksjonen til industri er i krise. Den er no på historisk lågt nivå, og mange industriaktørar ynskjer å strekkja seg langt for å få tak i norske bær. Om dette er primært for å skaffa seg tollfri importkvote eller om det er for å prioritera norske bær, er nok ulikt vekta alt etter bedrift. Produsentane er uansett i ein situasjon der marknaden er der, det er gode naturgitte forhold for å produsera, men usikker økonomi i produksjonen hemmar utvikling. Størst usikkerheit er knytt til volum norsk som industrien kan ta imot før prisen vert pressa og fleire aktørar byrjar å importera med full toll.

Det at TINE utvidar sitt kjøpsområde frå Vik, der produksjonen tidlegare var større enn det TINE kunne ta, er utfordrande på mange vis. Når TINE kjøper frå andre bygder, vert bærmengdene som vert vidareforedla til halvfabrikata ved mottaka i dei bygdene redusert, og det blir store utfordringar med å handtera resterande bærmengder til ein akseptabel kostnad. TINE har ein rimelegare prosesseringsmetode i og med at bæra går til juice, og får i tillegg svært høg tollfri importkvote som kan omsetjast. Totalt sett gir dette TINE store fordeler som går på bekostning av dei andre bærsmottaka i ein situasjon med fallande bærmengder. Denne utfordringa må takast på alvor, då den kan vera kritisk for mottak og bærprodusentmiljøet rundt det.

Dei største utfordringane i bærproduksjon til industri ligg i prisen på bæra, dei høge infrastruktur-kostnadane til innkvartering av plukkarar, å få tak i og administrera plukkarar og plantevern. Tilgang på areal som er eigna til bærproduksjon er også ein avgrensande faktor i nokon bygder. Bringebærhausting til industri kan mekaniserast, men så langt har det berre vore prøvd ut i mindre skala i Noreg. Mangel på tilskot til planting og mekanisering er også medverkande til at terskelen for nye produsentar å koma inn blir for høg.

Jordbær

Det blir produsert lite jordbær i Vestland, og det meste som vert produsert går til konsum-marknaden. Denne marknaden er underdekket, og det er lett sal med gode prisar. Ein auka andel av konsumproduksjonen føregår i tunnel på table-top, medan industriproduksjonen føregår på

friland på bakken. Sortar som vert nytta til table-top produksjon er mindre godt eigna til industriføremål.

I seinare år har industriproduksjon av jordbær føregått i Luster, Fresvik og Gloppen i tidlegare Sogn og Fjordane. Gloppen har no så liten industriproduksjon at det ikkje er rom for å starta opp dei store frysane (Hildegunn Bakketun Nygård pers. oppl.), og heller ikkje investera i vaske-anlegg som er krav frå industrien. Industriproduksjonen er avvikla i Fresvik, medan det framleis er ein viss produksjon i Luster som vert levert via Luster grønt AS. Dette er no det einaste anlegget i landet som har jordbær til industrien i tillegg til Valldal grønt AS som er det største.

Industriproduksjonen av jordbær er om mogeleg i endå større krise enn bringebær. Sjølv om det er rom for stor auke i produksjonen, og industrien gjerne vil ha norske bær, ser ikkje produsentane det som økonomisk lønsamt å produsera. Industrien sine kvalitetskrav til bæra medfører at mottaka må investera i teknologi som gjer at dei må ha store volum å handtera om det skal gå rundt økonomisk.

Industriproduksjonen har gode vilkår under dei gjeldande forskrifter, og auka tilskot pr. kg har blitt løyvd via jordbruksavtalen, utan at dette har gitt ynskt resultat. I Luster har det i enkelte år vore problem med frostskaade, medan Valldal har hatt problem med skadegjerarar og mangel på eigna jord (Heggdal et al 2024). Som i all grøntproduksjon, utgjer prisen ein oppnår i marknaden den største verdien, og oppgjersprisen for konsumbær er vesentleg høgare enn for industribær, samtidig som det er stor mangel på lokalproduserte jordbær til direkte sal og tyngda av produksjonen går til konsum.

Industrien sitt forbruk av jordbær

I 2025 vart det tildelt tollfri kvote til industrien på i alt 4.535.225 kg av ein totalkvote på 4.690 tonn. Kvoten frå Storbritannia vart ikkje oppfylt. Industrien kjøper resten av sitt forbruk med full toll, kr 8,59, men noko får også nedsett toll gjennom FAT når alle vilkår er oppfylte.

Tabell 8. Industrien sin import av frosne jordbær i perioden 2018-2024

År	kg	verdi	pris
2018	5 723 823	113 122 715	19,76
2019	5 679 050	109 279 904	19,24
2020	6 218 677	123 374 174	19,84
2021	5 852 921	106 955 189	18,27
2022	6 393 808	132 871 330	20,78
2023	6 258 611	157 740 946	25,20
2024	6 201 696	141 750 743	22,86
Gj.snitt	6 046 941	126 442 143	20,85

Tabellen viser at industrien sin import av jordbær har vore i gjennomsnitt 6.000 tonn i perioden 2018-2024 til ein gjennomsnittspris på 20,85. Denne prisen er uråd for norske produsentar å produsera for, sjølv ved full toll på kr 8,59.

Konklusjonar

For at det skal vera mogeleg å produsera norske industrijordbær, må det liggja eit tollvern i botnen. Industrien kjøper alt av norske bær for å få tilgang til den tollfrie kvoten, og verdien pr. kg norske jordbær er svært høg når det er så lite norsk å kjøpa og mykje å importera. Utan norsk produksjon ville det vore tollfri import av frosne jordbær til industri.

Tollvernet skal sikra dei norske produsentane av jordbær til industri, og spørsmålet er om produksjonen no er komen so langt ned at den ikkje kan takast oppatt. Det vil i så fall bety at norske produsentar seier ifrå seg produksjonsmogelegheiter som kan gje framtidig beredskap. I Vestland er det ingen bedrifter som har kritisk avhengigheit av jordbær til industri, men det er bedrifter som har vekstpotensiale innan denne kulturen gitt at forholda ligg til rette for det.

Verdien av dei norske bæra er svært høg for industriaktørane under noverande forskrifter, og det bør vera mogeleg for produsentane å forhandla pris og volum vesentleg opp dersom dei står saman. Det kunne ha gitt betre økonomi i produksjonen, men det må lagast kalkyler som viser lønsemda for produsentane, og det må gjevast økonomisk støtte både til planting og til mottaka som satsar på slik produksjon i oppbyggingsfasen.

Eigarskap til varene

Grøntprodusentane har høgare risiko enn andre bønder, då dei ikkje veit om dei får selt alle varene sine, kva pris dei får eller kva tid dei får pengane på konto. For utsorterte eple over pakkelinja er det ulike modellar som vert brukte - mange pakkeri betalar ikkje for den råvara. For eple som går til konsentrat er det eitt ledd til før råvarene vert selde. Konsentratprodusenten har kjøpt varene, men stiller eigentleg berre likviditet tilgjengeleg for det meste av tonnasjen, i og med at minstekvantumsordninga skal sikra avsetning av det meste. Risikoen ligg i det som det ikkje er kjøparar til, og denne risikoen ber i dag konsentratprodusenten åleine. I avlingsrike år har det hendt at konsentratprodusenten ikkje har betalt for råvarene før konsentratet er selt, men dette er ikkje noko god løysing og inneber ekstra administrative kostnader for alle involverte.

Når pakkeria sel pressfrukt til ulike industriaktørar som brukar råvarene i eigen produksjon, er det ein vanleg transaksjon. Då skifter frukta eigar ved salet.

Fram til 2015 kjøpte Gartnerhallen ut frosne bær frå bærsmottaka 1.oktober, og selde vidare til industriaktørane etter kvart som dei tok ut varer frå mottaka. Lagerleige til mottaka vart oppgjort separat. Denne avtalen vart sagt opp, og i dag er det mottaka (d.v.s. produsentane), som eig varene fram til mottaket har selt bæra. Det er då opp til mottaket kor stor andel av verdien som vert utbetalt a-konto og kor mykje ein må halda att. I dei siste åra har ikkje dette vore noko problem, sidan volumet har vore så lite at det har gått ut om hausten/ førjulsvinteren. Dersom volumet går opp, og ein må selja varene over lengre tid, må det finnast ei løysing på mellomfinansiering saman med industrien.

Organisering

Dei fleste produsentane er organiserte i Gartnerhallen, som i 2025 hadde 346 produsentar (Mette Marie Heiberg, pers. oppl.), nokon er organiserte i Nordgrønt, medan andre ikkje er organiserte. Pakkeria har ikkje nokon formell rolle i produsentorganisasjonen – dei mottek og pakkar varer for produsentane gjennom deira grossisttilknyting. Nå fruktlager er frittstående, og har andre avsetningskanalar utanom dei 3 store daglegvarekjedene. Produsentorganisasjonen har ikkje nokon formell rolle i industriproduksjonen, så organiseringa av den produksjonen vert utydeleg. Alle leverer konsumbær gjennom produsentorganisasjonen sin grossistavtale og får tildelt kvotar på det, men det er inga slik organisering på industri.

Alle pakkeri i Noreg er med i organisasjonen «Norske fruktpakkeri», som er ein lausleg organisasjon utan organisasjonsnummer, oppretta at fruktlagerinspektør Leif Øie i GPS.

Dei største aktørane innan bearbeidde industriprodukt av frukt og bær i Noreg er Orkla Foods Norge AS, Lerum AS, TINE SA, A/S Røra fabrikk, Rogaland konserverfabrikk AS og Danica AS.

Med unntak av TINE, er desse organiserte i Konserverfabrikkenes Landsforening. Fellesjuice sine produkt utgjør ein liten del av varestraumen i TINE-konsernet, men TINE sin plass i kjøleavdelingane i daglegvarehandelen gjer at dei har tilgang til desse fasilitetane også for juice. Ferskjuice i kjølekjede er eit produkt som dei andre industriaktørane i låta grad er inne i. Alle dei store industriaktørane importerer svært mykje råvarer, på same måte som mange andre små og mellomstore industribedrifter innan frukt og bær. I tillegg til desse er det mange som har etablert seg med basis i norsk epleråstoff. Desse bedriftene er sprungne ut av personleg initiativ med basis i eigne råvarer kombinert med lokal produksjon. Det starta med juice og har seinare blitt utvida til sider, brennevin og allsidige alkoholfrie produkt. Oppbygging av desse bedriftene har hatt brei støtte av Innovasjon Norge, og har bidrege til stor lokal verdiskaping både i Hardanger, Sogn og Nordfjord. Desse bedriftene kan vera medlemmer i ulike typar organisasjonar, som siderprodusentlag, Hanen, og andre. Dei opererer delvis i ein annan marknad enn dei store industriaktørane, men har møtepunkt i daglegvarehandelen for spesielle juiceprodukt og i Horeca. Lokale produkt kan profilerast og byggjast merke rundt på ein annan måte enn store industrimerke, og har vist seg å kunna ta ut høgare pris i marknaden. Samstundes krev det disiplin på kvalitet hjå alle som brukar merket. Mange av desse lokale aktørane eksperimenterer med nye produkt og samansetjing av ulike frukt- og bærtypar for å skapa større variasjon og finna marknadspreferansar for eigne produkt. Råvareprisane vil i stor grad spegla den prisen som bedrifta kan oppnå i marknaden, og kor vidt ein kan ta ut meirverdien av norsk råvare. Prispresset i daglegvaremarknaden er sterkt, og råvarekostnaden er ein vesentleg del av prisen industribedriftene oppnår hjå daglegvarekjedene. Lokale juice- og siderprodusentar opplever auka konkurranse i sine marknadssegment ved at det er kome tilsvarande bedrifter i alle andre fruktdistrikt – jamvel i område som ikkje er tradisjonelle fruktdistrikt (t.d. Trøndelag). Dei prøver å styrkja merkevara gjennom geografisk beskytta nemning (Hardanger, Telemark, Sogn), og dei fleste er med i Hanen som er eit nettverk for bygdeturisme og gardsmat.

Oppsummering og forslag til tiltak

Det vert her summert opp ein del tiltak som bør vurderast. Dei to momenta som har sterkast fokus er minstekvantsordninga i eple, og fordeling av kvotar i frosne raude bær.

Minstekvantsordninga fungerer ikkje slik den skal i og med at industriaktørane sitt kjøp av eple og eplejuice ikkje tel med i berekningsgrunnlaget for minstekvantum, slik at konsentratprodusentane blir sitjande att med betydelege mengder på lager. Det er ikkje avsetningsplikt på ei vare som produsentane forventar at fabrikkjen tek imot, noko som ikkje er berekraftig utifrå ei bedriftsmessig vurdering hjå konsentratprodusenten. Det bitt likviditet på vegne av andre, og bidreg til auka risiko for bedrifta. Desse elementa må finna ei løysing.

Bringingbærproduksjonen er i krise, men har stort potensiale for vekst om ein klarar å etablere ein truverdig kalkyle som viser god lønsemd. Oppgjerspris til produsent er svært viktig, og sett frå ein bringingbærprodusent si side kan det vera freistande å levera til TINE same kvar ein er i fylket, då det pr. no blir utbetalt ein netto høgare pris til produsent. Dette skuldast i hovudsak lægre trekk p.g.a. at TINE tek prosesseringskostnaden, og har rimelegare prosesseringsmetode. Så lenge bringingbærproduksjonen i Vik er lægre enn TINE sitt behov, er dette forlokkande, men inntil for få år sidan var merkevara «bringingbær frå Vik i Sogn» berre ein del av den totale bringingbærproduksjonen i Vik – resten måtte seljast til andre industribedrifter. Om det igjen blir tilfelle, vil produsentane i andre bygder måtta finna andre mottak å levera til, og då kan dei ha lagt ned fryseria. Kvoteordninga for industribær står på svake føter med så små volum det er no, og for å behalda den trengs ei satsing også utover Vestland fylke.

Tiltak aktuelle for jordbruksavtalen – ansvarleg: Fagлага

- Auka pris for klasse 1 eple regulert til fabrikk – har vore kr 1,60 sidan 2012
- Ekstra tilskot på kr 2 for industribær

Tiltak aktuelle for endring av toll – ansvarleg: Fagлага

- Tollvernet er svært svakt, og bør prøvast omlagt i frukt og bær – testa eple fyrst. Omlegginga har vore ein suksess i potet
- Finna løysingar for toll på «cloudy» juice som i dag vert importer tollfritt

Tiltak for endringar i forskrifter – ansvarleg: Produsentorganisasjonane, fagлага og pakkeria

- Minstekvantumsordninga for epleråstoff må endrast slik at industrien sitt avtak av eple og juice kjem med i berekninga av minstekvantum
- Perioden for berekning av totalforbruk av epleråstoff bør vera 1.08-31.07 for å skilja sesongane. Dette blir då perioden ein nyttar som grunnlag for kor mykje norsk industriaktøren må kjøpa samla av eple, juice og konsentrat, for å få importera med TNT året etter.
- Alle industriaktørar som ynskjer å kjøpa minstekvantum må innan ein frist som Landbruksdirektoratet set, melda frå om kor mykje eple og juice dei har kjøpt i perioden 1.08 og fram til den aktuelle datoen, slik at denne kan inngå i minstekvantumet.
- Kvote-ordninga for bær må endrast slik at kvotar ikkje vert verdipapir for vidaresal, t.d. gjennom å leggja meir vekt på tidlegare import av frosne bær.
- Industriaktørar som ikkje importerer frosne bær, bør ikkje få tildelt kvote.

Tiltak for endringar i produsentorganisering og marknadsaktørar – ansvarleg:

Produsentforeiningane og pakkeri/mottak

- Fruktpakkeria må gjera avtalar med industriaktørane om tonnasje, pris og produktkvalitet før kvar sesong – særleg viktig ift. Konsentrat og minstekvantumsordninga
- Alle bærmottaka bør etablera ein tilsvarande organisasjon som forhandlingsutvalet for raude bær, der alle har lik vekt.
- Det må arbeidast målretta med å auka andelen av klasse 1 hjå produsentane og få ut meir norsk frukt og bær i konsum-marknaden.
- Jamleg utvikling av forretningssamarbeid mellom pakkeri/mottak og industri
- Det må arbeidast målretta med produktutvikling av industriråvare i alle kulturar
- Nasjonal satsing på jordbær og bringebær til industri, t.d. koordinert av forhandlingsutvalet

Administrative endringar ift. Innovasjon Norge, m.m. – Ansvarleg: Fagлага

- Støtte til nyplanting av jordbær og bringebær til industriproduksjon
- Støtte til bærmottak som byggjer seg opp på industriproduksjon
- Støtte til infrastrukturtiltak i industriproduksjon av bær – haustemaskiner og andre mekaniseringsløyser, plukkebustader,
- Støtte til utvikling av felles produsentorganisering til industriproduksjon

Litteratur

Eldby, H. 2024. Frukt- og bærproduksjonen i Noreg og Vestland – vekst eller stagnasjon? Agri analyse rapport 6-2024: 107 pp

Heggdal, Ø.; M.E.Hillestad; T. Smedshaug & C.A.Smedshaug. 2024. Framtida for jordbærbygda Valldal i Fjord kommune. Agri Analyse rapport 9-2024: 70pp

Rasmussen, T. 2023. Kartlegging av framtidige samarbeidsformer mellom fruktlagera i Hardanger – kunnskap om mogelege løysingar for auka samarbeid og god ressursutnytting i ei tid med endrande driftsvilkår. TR Consulting rapport. 45 s

Børve, J.; T.Haukaas; I. Øvsthus & L.K.Haugland 2021. Forprosjekt: Målretta produksjon av eple til sider og eplejuice. NIBIO rapport 7(141): 60s

Kvaal, S.V. 2022. Bærproduksjon i Vestland og Valldal. Kartlegging av utfordringar. Udat. Rapport for Programstyret i frukt og grønt. 32 s

Haukaas, T; H.R.Graarud; S.V.Kvaal 2023. Auka verdiskaping i epleproduksjon og epleforedling i Hardanger. NIBIO rapport 9(92): 46s

Innvik fruktlager. 2016. Arbeidsutvalsmøte industribær – Innvik fruktlager 8.11.2016. Notat 3 s

Skaaden, H.H. 2016. Referat frå møte mellom Gartnerhallen og «Fryseriene for røde bær til industrien» 9.05.2016. 8s

Husabø, H. 2016. Ulike scenario fryseristruktur i Sogn og Fjordane. BDO anbefalingar. 42 s

Takk til

Takk til fylgjande personar utanom styringsgruppa, som har gitt viktige bidrag til forståing av utfordringane ein står over for, og utarbeiding av rapporten:

- Liv Sollesnes, Hardanger fjordfrukt
- Inghild Lysne Sanden, Sogn frukt og grønt
- Håkon Bø Hitland, Sogn frukt og grønt
- Trygve Lerum, Luster grønt
- Gudvin Haraldsson, Sogn grønt
- Håkon Myklebust, SKP raude frosne bær, Gartnerhallen og Valldal grønt AS
- Hildegunn Bakketun Nygard, Gloppen produsentlag
- Jan Audun Larsen, Lerum
- Hans Christian Bjerketveit, Lerum
- Åge Eitungjerde, Balholm
- Tone Elisabeth Friling Tuxen, Røyse bærpresseri
- Herman Morken, Landbruksdirektoratet
- Jens Tjentland, Landbruksdirektoratet
- Henrik Einevoll, Landbruks- og matdepartementet
- Torleiv Naa Helle, Nå fruktlager
- Leif Øie, GPS fruktlagerinspektør
- Harald Blaaflat Mundal, GPS fruktlagerinspektør
- Gry Sørensen, GPS
- Morten Andersen, GPS

Vedlegg

1. Utdrag av tolltariffen

Vedlegg 1. Utdrag frå tolltariffen

Vare	Tolltariffnummer	Sats, kr pr. kg
Jordbær, frosne	08.11.10.00	8,59
Frosne bringebær	08.11.20.91	8,59
Turka eple	08.13.30.00	2,00
syttetøy tilsatt sukker, ex. 1009	20.07.10.01	14,96
Konserverte pærer	20.08.40.00	0,00
Konserverte moreller og kirsebær	20.08.60.00	8,34
Konserverte jordbær	20.08.80.00	8,34
Eple, konserverte	20.08.99.01	34,92
Plommer, konserverte	20.08.99.02	0,00
Eplesaft med max 20 brix	20.09.71.00	27,20
Eplesaft elles	20.09.79.00	27,20
Bringebærsaft	20.09.89.91	27,20
Jordbærsaft	20.09.89.92	27,20
Kirsebærsaft	20.09.89.93	27,20
Fersken- og aprikossaft	20.09.89.94	27,20
Rips- eller stikkelsbærsaft	20.09.89.95	27,20
Blanda saft som ikkje inneheld bringebær, eple, raud og kvit rips eller solbær	20.09.90.01	27,20